

**Fra:** Ambjørg Reinsnos (Ambjorg.Reinsnos@hfk.no)

**Sendt:** 11.06.2018 12:03:13

**Til:** Øygarden kommune

**Kopi:** 'Øyvind Lunde'; Sven Selås Kallevik

**Emne:** Kulturminnerefleksjon - Riksantikvaren si godkjenning av dispensasjonssøknad - områdeplan Rong senterområde, g/bnr 38/500 m.fl., Øygarden kommune

**Vedlegg:** image001.png;Riksantikvaren.pdf;BM.pdf

Viser til tidlegare dialog rundt automatisk freda kulturminne i samband med offentlig ettersyn av områdeplan for Rong senterområde, Øygarden kommune. Vedlagt er Riksantikvaren sin godkjenning av dispensasjon fra kulturminnelova. Vedlagt er også Universitetsmuseet i Bergen si tilråding i saka. Vi gjer merksam på at denne e-posten berre omhandlar automatisk freda kulturminne, og at endelig fråsegn fra Hordaland fylkeskommune vil kome seinare.

Innafor planområdet for områdeplan Rong senter var det per november 2017 kjend eitt automatisk freda kulturminne; ein steinalderlokalitet (Askeladden id 95514). Det var også kjend ein ikkje-freda funnstad (Askeladden id 172015).

Områdeplanen for Rong senterområde, Øygarden kommune, vart lagt ut til offentlig ettersyn i brev datert 14.03.18.

Planforslaget vart då vurdert til å vere i konflikt med det automatisk freda kulturminnet, Askeladden id 95514. I vårt brev datert 08.11.17, stilte vi krav om endring av plankartet og trong for utsett frist for fråsegn. Hordaland fylkeskommune oversende saka til Riksantikvaren 24.04.18 med tilråding om dispensasjon fra kulturminnelova for det automatisk freda kulturminnet id 95514. Riksantikvaren er rette mynde etter forskrift til kulturminnelova til å avgjere om det kan ges dispensasjon fra automatisk freding.

Riksantikvaren finn i brev datert 05.06.18, sjå vedlegg, at forslag til områdeplan for Rong senterområde, Øygarden kommune, kan godkjennast under føresetnad av at det blir gjennomført arkeologisk utgraving av det råka automatisk freda kulturminnet Askeladden id 95514 før tiltak etter planen vert realisert. Riksantikvaren har i tillegg endra vernestatus på den ikkje-freda funnstaðen, Askeladden id 172015, til automatisk freda, og gir dispensasjon fra kulturminnelova også for dette kulturminnet, med vilkår om arkeologisk utgraving.

I medhald av kml § 10 skal kostnadene ved arkeologiske utgravingar dekkast av tiltakshavar. Vedtak om omfang og kostnader av den arkeologiske utgravinga kan først skje etter at reguleringsplanen er endelig vedteken. Vi gjer merksam på at arkeologiske utgravingar normalt berre let seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavar må ta omsyn til dette i si planlegging.

Tiltakshavar må varsle Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltak etter reguleringsplanen er ynskt realisert.

Riksantikvaren vil då fatte vedtak om omfang/kostnader av den arkeologiske utgravinga, eit vedtak som vil kunna påklaast i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Universitetsmuseet i Bergen har utarbeidd eit kostnadsoverslag for utgraving av dei råka kulturminna, sjå vedlegg. Forslaget er på 2 112 000,- NOK. Forslag til prosjektplan med arbeidsomfang og kostnader vil bli nærmere gjennomgått av Riksantikvaren før det blir fatta endelig vedtak etter kulturminnelova § 10.

Det er ei føresetnad for dispensasjon fra kulturminnelova at følgjande tekst blir teke inn i reguleringsplanen sine felles føresegner:

«Før realisering av føremål o\_SAA eller o\_SKV2 med tilhøyrande annan veggrunn skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet Askeladden id 95514, som er merka som område for føresegn #14. Utgravinga skal gjerast før det første av dei to føremåla skal realiserast.»

«Før realisering av o\_SKV2 med tilhøyrande annan veggrunn skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet Askeladden id 172015, som er merka som område for føresegn #15.»

«Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskingsa kan bli fastsett.»

**Dispensasjon fra den automatisk freda gjennom planvedtaket føreset at plankartet vert endra i tråd med Riksantikvaren sine krav (id 172015 må merkast med område for føresegn #15 i plankartet), og at ovannemnde tekst blir innarbeidd i reguleringsføresegnene. Dersom kommunen klargjer at ovannemnde tekst ikkje blir inkludert i planen sine føresegner, og fylkeskommunen ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen umiddelbart varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt fremje motsegn til planen, jf. vedlagt brev frå Riksantikvaren.**

Venleg helsing

**Ambjørg Reinsnos**

Arkeolog | Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 23 91 72

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)